

Nærings- og Fiskeridepartementet  
Postboks 8118 Dep  
NO-0032 Oslo  
[postmottak@fkf.dep.no](mailto:postmottak@fkf.dep.no)

**HØYRINGSSVAR – «FORSLAG TIL ENDRINGER I DELTAKERLOVEN – TILDELING AV KONSESJONER, DELTAKERADGANGER MV.»**

Me viser til høyringsbrev av 23. september 2014.

Pelagisk Forening tek til etterretning at det alt er eit til dels ulovfesta regelverk for overføring/sal av fiskeløyve.

Når det først er eit system som tillét overføring/sal av fiskeløyve er Pelagisk Forening positive til at overføring kan skje utan at fartøyet inngår i transaksjonen. Pelagisk Forening er såleis er positiv til forslaget, og ser fram til eit enklare regelverk og meir føreseielege prosessar. Forslaget medfører òg, dersom det blir vedtatt, at eigarskifter kan skje raskare, noko me er positive til.

Erfaring med dagens praksis er at praksisen ikkje er føreseieleg, og sakshandsamarane hjå Fiskeridirektoratet kan i praksis stoppa transaksjonar dersom dei ynskjer det.

Pelagisk Forening meiner difor at dersom høyringsforslaget blir vedtatt bør det ikkje vera opp til forvaltninga, dvs. Fiskeridirektoratet, sitt «frie skjønn» om løyve skal gjevast eller ikkje. Dette pga. omsynet til føreseieleg regelverk. Omsynet til at like saker skal handsamast likt talar for det same.

Det bør vera slik at dersom vilkåra er oppfylt så skal løyve gjevast. Regelen bør såleis vera ein «skal-regel», og ikkje ein «kan-regel».

Forvaltninga sitt «frie skjønn» kan ikkje overprøvast av domstolane. Det er difor viktig at eventuell lovendring syt for at det ikkje er opp til forvaltninga sitt «frie skjønn» om løyve skal gjevast eller ikkje.

Det er òg positivt at reiarlaga òg unngår ikkje-naudsynte vanskar med tanke på skatte- og avgiftsproblematikk.

Høyringsnotatet nemner at *«forslaget medføre en del tapt inntekt for disse skipsmeklerforetakene og advokater som har spesialisert seg på å yte mellommannstjenester til fiskerinæringen. Departementet tillegger imidlertid ikke dette nevneverdig vekt.»* Vidare skriv NFD at *«For både næring og forvaltning vil dette innebære at flere hundre til dels omfattende søknadsprosesser pr. år blir helt overflødige.»*


Me er samde i NFD si vurdering og vil peika på at forslaget òg vil føra til frigjering av mange årsverk på fartøy- og deltakerseksjonen i ressursavdelingen hjå Fiskeridirektoratet. Pelagisk Forening legg ikkje nemneverdig vekt på dette, òg vil gje uttrykk for at det er positivt om desse ressursane kan nyttast på noko betre.

Me er òg positive til at gjeldande reglar blir lovfesta, og at alle sentrale reglar om tildeling av konsesjon blir samla i deltakarlova.

Me er òg samde i forslaget om å oppheva kravet om konsesjon for å driva tråling etter lodda og polartorsk med kystfiskefartøy.

Bergen, 23.12.14

Med vennleg helsing  
Pelagisk Forening

  
Ask Økland  
Advokat